

BBF14 – Bjørn Hille – Dyrskog 1




1. Dyrskog fekk i 1991 Landbruksdepartementet sin «kulturlandskapspris» Fylkeslandbrukssjef Einar K. Time delte ut prisen. Bilete: E.K.Time, Bent Roald, Peder og Tora Dyrskog.



2. Peder slo alt som kunne brukast til for. Stutturven var god å ha mellom steinar og ulent terreng.



4. Tora bar fram mange høylfang til hesjene.



5. Her ser me Tora og Bent Roald med rive. Viktig å få med alt.




6. Peder kjenner etter om høyet er turt.



7. Hesjene vart sett opp i skrått terreng. Staurane fekk støtte i unnabakken for at dei ikkje skulle velte.



8. Tohjuler og bensindreven slåmaskin var nyttig i de ca. 18 mål dyrka jordflekkene. Peder på traktoren og Bent Roald med slåmaskina. På lassett to unge som er på besøk.



9. Då høyet skulle fraktast til garden Røysland i Lund. Blei det pressa til ballar i løa i Dyrskog.



10. Tora hadde ansvar for innearbeidet. Ho baka, safta og sylta det dei trong.



11. Bakearbeid blei utført med enkle reiskapar.



12. Rundstykke og bollar blei steikt i vedkomfyren. Her var ikkje termostat som sa noko om steiketemperatur og baketid. Her gjekk alt på erfaring.




13. Den gode smaken av baksten til Tora var vide kjent. Her blir nysteikte brød teke ut av vedovnen.



14. Her blir det servert fersk nysteikt brød og heimelaga syltetøy. Me ser Bent Roald, Peder (Jenta kan eg ikkje namnet på) og Tønnes Martin.




17. I Dyrskog var det eigen tømmerkog. Her er bilete av den gamle saga som seinare brann opp. Dette var ei oppgangssag som blei driven av vasskraft.



22. I gode fruktår måtte bestestova takes i bruk som lagringsplass.




23. Epla kunne nå langt opp på veggen.




25. Her drøfter Peder og Tønnes Vikeså prisen på nokre posar med frukt.



26. Peder frakta frukta ned til Ørdsdølen med plukkarakane på slep.



28. Det blei tid til ein god drøys på brygga etter eplehaustinga. Vi ser Tønnes Martin, Retsius Hegelstad, ukjent, Martin Kydland og Olav Hovland.



29. Sauen som går på beite oppe i utmarka vert tatt inn og gitt medisiner for makk.



30. På hausten blei sauene frakta med Ørdsdølen til Odlandstø, og køyrt vidare til garden Røysland i Lund.



31. Dyrskog hadde si eiga mølle. Her syner Peder fram møllesteinane. Dyrskog hadde og sit eige kraftverk. Det var avhengig av god vassføring i bekken.



32. Peder hogg ein del ved. Han hadde faste kjøparar i Bjerkreim. Her skavar han av barken på dei tunnaste stikkene. Då turka veden godt.



34. Her ligg høybollar som skal fraktast til garden Røysland i Lund.



36. Peder var ein autodidakt. Ein sjølvlært person. Han hadde eit utruleg minne og vart aldri lei av å ta i mot folk som ville lytte til det han hadde å fortelje.



37. Peder hadde god kontakt med dei aller yngste. Han gav seg tid til å fortelje historia frå gamle dagar. Dei små sat roleg og lytta.




39. Opp gjennom bakkane kan me sjå eksempel på hardt arbeid, slit gjennom generasjonar.




40. På solfylte dagar med blankt Ørdsdalvatn, var det likevel slik at livet gav Dyrskogfolke eit lite smil i kvardagen.


BBF14 – Bjørn Hille – Dyrskog 2



3. Peder. Det var viktig å gje ljàen godt bet. Kvekjesteinen var alltid med i lomma.



19. I Dyrskog var det ein frukthage utan om det vanlege. Peder planta om lag 200 tre. 35 sortar har han odla fram, delvis gjennom poting.




24. Dei siste åra Peder og Tora budde i Dyrskog blei det arrangert turar med Ørstdølen for at folk kunne kome å plukke frukt.



35. I 1990 fekk Tora og Peder tildelt Bjerkreim kommune sin kulturpris.




15. Frå gammalt hadde Dyrskog taubane til å frakte varer til og frå Ørstdalsvatnet. Seinare blei den erstatta av tohjular og traktor.



20. Peder var stolt av frukthagen.



27. Dei yngste fekk sitte på.



38. Besøkande som tok seg tid til å sjå ut over den bratte og tungdrivne «steinrøysa», undra seg over at nokon kunne livberge seg her i generasjonar.




16. Dreneringsgrøfter var viktig for å leia vatn vekk frå dyrka mark. Grøftene blei greve med hand og steinsett.



21. Fruktbløminga i Dyrskog er eit syn.



33. Veden blei lødd opp og turka på kaien, og seinare frakta ut vatnet til kjøparane med Ørstdølen.



41. Dei siste åra Peder og Tora budde i Dyrskog var det hardt å gå bakkane opp til tunet.



42. Peder og Tora Dyrskog ved grinda til gardstunet.